



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato 20.04.2023
Møtetid: Kl. 08:30
Møtestad: Kommunehuset – Kommunestyresalen

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Orienteringar i starten av møtet (totalt ca. 30 minuttar):

- Kinect Energy – orientering om forvaltning/sal av konsesjonskraft
- Statnett og BKK – orientering om kraftlinjer

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
029/2023	23/325	Godkjenning av innkalling og sakliste	
030/2023	23/325	Faste saker	
031/2023	22/912	Barnehagestruktur i Samnanger	
032/2023	23/202	Godkjenning av samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgåvefellesskap	
033/2023	23/211	Høyringsuttale til Energikommisjonen sin rapport – NOU 2023:3	
034/2023	23/226	Høyringsuttale til forslag om endringar i inndelingslova	
035/2023	22/515	Status – utbetring av vegen i Hagabakkane	
036/2023	21/703	Søknad startlån til vidarefordeling 2023–2024	
037/2023	23/316	Tilrettelegging for gaming- og e-sport i Samnanger	
038/2023	21/708	Fleirbrukshall - vurdering av tomtealternativ, måloppnåing/samfunnseffekt, risiko, framdriftsplan og kostnader	
1	20/25	Interpellasjon frå Krf	
2	20/25	Interpellasjon Trafikktryggleik	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 23/325	Løpenr: 23/3380
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.04.2023	029/2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 23/325	Løpenr: 23/3381
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.04.2023	030/2023

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

· Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Orienterings-/referatsaker.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Siv Sæterdal	Arkivkode: FE-061
Arkivsaksnr: 22/912	Løpenr: 23/2253
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.03.2023	024/2023
Kommunestyret	20.04.2023	031/2023

Barnehagestruktur i Samnanger

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Tilleggsforslag frå MDG, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista
Denne vurderinga må mellom anna sjå på konsekvensar for trafikktryggleik og for pendlarar med barn i barnehagane. I tillegg må det gjerast vurderingar av korleis dette kan påverka trivsel.

Tilleggspunkt, foreslått av Gunn Østvik Petersen, Arbeiderpartiet

I vurderinga bør det også sjåast i eit lengre tidsperspektiv, kva fylgjer ein eventuell samanslåing vil få ved eventuelle auka barnetal. Det bør også leggjast til rette for at alle som ynskjer å uttala seg, får anledning til dette.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram eit tilleggsframlegg.

Gunn Østvik Petersen (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Gunn Østvik Petersen fram eit tilleggsframlegg.

Det vart røysta samla over rådmannen sitt framlegg, inkludert tilleggsframlegga til Øyvind Strømmen og Gunn Østvik Petersen. Samrøystes vedteke.

FORM- 024/2023 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein utgreiingsprosess kor samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

Utgreiinga skal innebere forslag til føretrukken løysing og leggjast fram for kommunestyret i september 2023.

Denne vurderinga må mellom anna sjå på konsekvensar for trafikktryggleik og for pendlarar med barn i barnehagane. I tillegg må det gjerast vurderingar av korleis dette kan påverka trivsel.

I vurderinga bør det også sjåast i eit lengre tidsperspektiv, kva fylgjer ein eventuell samanslåing vil få ved eventuelle auka barnetal. Det bør også leggjast til rette for at alle som ynkjer å uttala seg, får anledning til dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein utgreiingsprosess kor samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

Utgreiinga skal innebere forslag til føretrukken løysing og leggjast fram for kommunestyret i september 2023.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Lov om barnehage

Rammeplanen

Vedtekter for kommunale barnehagar i Samnanger

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Det er ein stadig nedgang i barnetalet i kommunen. Dette gjev barnehagar som vert mindre og mindre einingar med lågt barnetal og få tilsette.

Tabellen under viser ei oversikt over tal barn i barnehage frå 2021 til 2026. Det er nytta prognosetal (merka med raudt) frå SSB til å visa vidare utvikling. Tabellen syner nedgang med ca. 30 barn på 6 år.

Tal barn født ulike årstal, kan variera då nokon flyttar inn og ut av kommunen, og nokon går i barnehagar i andre kommunar.

Barn fødd år	Barn 2021		Barn 2022		Barn 202		2024	2025	2026
	Kom. bhg	Privat bhg.	Kom. bhg	Privat bhg	Kom. bhg	Privat bhg	Prognose (SSB, raudt)	Prognose (SSB, raudt)	Prognose (SSB, raudt)
2025									19
2024								19	19
2023							19	19	19
2022					17	1	20	20	20
2021	2		9	3	13	4	19	19	19
2020	18	3	27	2	28	1	32	32	
2019	12	4	7	9	5	10	15		
2018	23	7	19	10	18	10			
2017	15	2	15	2					
2016	30	8							
	100	24	77	26	81	26			
Tilsaman	124		103		107		105	109	96

Våren 2024 startar 28 barn, født 2018 og som no går i barnehage, på skulen. Den private barnehagen

i kommunen har hausten 2024 plass til 10 nye barn. Dette gjer at dei kommunale barnehagane får ein stor konkurranse om barna.

Rådmannen ber difor om mandat til å starta ein prosess der ein greier ut å slå saman dei to kommunale barnehagane, Vassloppa og Dråpeslottet.

Fakta grunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Det er utfordrande å skaffa nok pedagogar til to barnehagar. Til dømes utløyser èit barn *over* pedagognorma på 14 barn ei ny 100 % pedagogstilling i barnehagen. Samlar ein barnehagane får ein nytta pedagogressursane betre.

Ein barnehage vil gje eit større fagmiljø både for pedagogar, fagarbeidarar og assistentar, og ein får ein betre bruk av personalressursane t.d. spesialpedagog.

Ved fleire vaksne i ein barnehage kan ein oppnå høgare vaksentettleik gjennom dagen. Dette kan gje betre avvikling av møter, plantid og liknande. Ein kan fordela vaktene til personalet på fleire slik at ein får større vaksentettleik i kjernetida og at færre jobbar i starten og slutten av dagen. Fleire avdelingar med tilsette noko som lettar samarbeidet og høve til å hjelpe kvarandre. Større barnegrupper og fleire avdelingar gjev betre blanding av gutar og jenter på alle årstrinn. Det vert også truleg ei jamnare fordeling av barn gjennom heile dagen.

Samanslåing av to barnehagar kan gje utfordringar i forhold til mellom anna trafikkavvikling med smale vegar, brøyting og eventuelt bussforbinding. Barnehagebygga treng noko utviding/ombygging for å få plass til alle barnehagebarna. Det er per i dag barn til 6 avdelingar. Dråpeslottet har 4 avdelingar og Vassloppa 5 avdelingar.

Uttalar frå andre:

Einingsleiarane i barnehagane har blitt bedt om å gje råd i forhold til utviklinga med synkande barnetal. Deira tilbakemelding er at dei ser fordelar med å slå saman barnehagane ved at fagmiljøet vert større og det vert lettare å samarbeida både fagleg og ved sjukdom/vikarbruk. Einingsleiarane ser også at det er ein del utfordringar både trafikalt og bygningsvis, som må greiast ut før ei eventuell samanslåing. Dei stiller seg bak å gjennomføre ein utgreiingsprosess kor samanslåing av dei to kommunale barnehagane skal vurderast.

I prosessen vil det verta bede om uttale frå tilsette, foreldra, verneombod og tillitsvalde.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Det er behov for å starta ein grundig prosess kor ein vurderer samanslåing av dei to kommunale barnehagane på bakgrunn av synkande barnetal synkande fødselstal.

Det er viktig å lysa dei ulike sidene ved:

- Økonomi
- Praktiske forhold
- Tilgang og god bruk av personell
- Pedagogisk/fagleg kvalitet

Konsekvensar:

Barnehagane vert i framtida små einingar, med få tilsette og få barn. Det faglege miljøet vert lite og dette vil truleg påverke kvaliteten både på det pedagogiske arbeidet og utfordringar med nok tilsette av god kvalitet. Det kan verta utfordrande å driva barnehagen med tilstrekkeleg kvalitet. Det vil vera

store kostnader å driva to små barnehagar og det når tal tilsette går ned. Med ein barnehage vil det verta eit avgrensa val for foreldra.

Oppsummering og konklusjon:

Det er ein stadig nedgang i barnetalet i kommunen. Dette gjev barnehagar som vert mindre og mindre med tilhøyrande lågt barnetal og få tilsette.

Rådmannen ber difor om å få starta ein prosess der ein vurderer å slå saman dei to kommunale barnehagane, Vassloppa og Dråpeslottet.

I prosessen vil det verta bede om uttale frå tilsette, foreldra, verneombod og tillitsvalde.

Det må gjerast ein grundig prosess der ein ser på kostnader, dei praktiske forholda, tilgong og god bruk av personell, og den pedagogiske og faglege kvaliteten.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-B26, FA-B25
Arkivsaksnr: 23/202	Løpenr: 23/1996
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.03.2023	019/2023
Kommunestyret	20.04.2023	032/2023

Godkjenning av samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 019/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Samarbeidsavtale for Syns og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem i representantskapet i SAPT Vestland.

Varaordføraren blir varamedlem.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Samarbeidsavtale for Syns og audiopedagogisk teneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem i representantskapet i SAPT Vestland.

Varaordføraren blir varamedlem.

Dokument som er vedlagt:

Samarbeidsavtale SAPT Vestland kommunalt oppgavefellesskap

Saksgrunnlag frå Bergen kommune

Noverande samarbeidsavtale for SAPT

Brosjyre SAPT

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunelova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)

Oppsummering:

Samnanger kommune er med i det interkommunale samarbeidet Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT). SAPT er i dag organsiert som ei resultateining i Bergen kommune. I den nye kommunelova er det nye krav til interkommunale samarbeid, som alle deltakande kommunar må handsama i kommunestyra sine. I denne saka vert det lagt fram ein ny samarbeidsavtale i tråd med kapittel 19 i kommunelova – kommunale oppgåvefelleskap. Avtalen må handsamast i kommunestyra i alle samarbeidskommunane. Den nye samarbeidsavtalen er utarbeidd av styret i SAPT.

Saksopplysningar:*Bakgrunn for saka:*

Samnanger kommune er saman med alle dei andre kommunane i Hordaland med i det interkommunale samarbeidet Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT). SAPT organsiert som ei resultateining i Bergen kommune. I den nye kommunelova er det nye krav til interkommunale samarbeid, som alle deltakande kommunar må handsama i kommunestyra sine. Det er også planar om å utvida SAPT, gjennom å invitera alle kommunane i Sogn og Fjordane til å bli med i samarbeidet og endra namnet til SAPT Vestland. Styret i SAPT har utarbeidd ein ny samarbeidsavtale, som er i tråd med kapittel 19 i kommunelova – kommunale oppgåvefelleskap. Den nye samarbeidsavtalen blir no lagt fram for handsaming i kommunestyret.

Styret i SAPT må ha tilbakemelding frå alle nye og gamle medlemmer innan juni 2023 for å rekka fristen som er gitt i kommunelova (som for dette samarbeidet er 1. oktober 2023), og for å kunne førebu ei utviding og igangsetjing for nye kommunar innan 1. januar 2024.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

SAPT sine oppgåver er å bistå kommunane og fylkeskommunen i å oppfylle krava i barnehagelova, opplæringslova og lov om folketrygd. Tenesta skal bidra til å sikra at kommunane og fylkeskommunen har tenestetilbod på område der desse ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse på feltet. SAPT har i dag 12,8 årsverk og består av synspedagogar og audiopedagogar som gir råd, rettleiing og tenester knytt til syns- og hørselsfeltet til innbyggjarane i samarbeidskommunane. Tenesta arbeider på systemnivå. Barn og unge er prioritert.

SAPT er ei resultateining i Bergen kommune, under byrådsavdeling for barnehage, skule og idrett. Bergen kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette.

SAPT har eit styre som har det overordna faglege og økonomiske ansvaret for styring av dei tenestene SAPT skal levera. Styret består av representantar frå kommunane, fylkeskommunen, dei tilsette i tenesta og representantar for interesseorganisasjonane.

Den noverande samarbeidsavtalen for SAPT vart gjort gjeldande frå og med 01.01.2017.

Den nye samarbeidsavtalen som no blir lagt fram for handsaming, er tilpassa til reglane om kommunalt oppgåvefelleskap i kapittel 19 i den nye kommunelova. Det går fram av § 19-1 at to eller fleire kommunar kan oppretta eit oppgåvefelleskap for å løysa felles oppgåver, og at det er kommunestyret sjølv som må vedta å oppretta eit oppgåvefelleskap. I tillegg til tilpassingane til kapittel 19 i kommunelova, er det også gjort nokre andre justeringar i forhold til den noverande avtalen. Namnet på oppgåvefelleskapet vil vera SAPT Vestland.

Samarbeidet vil framleis vera organsiert som ei resultateining i Bergen kommune, og ikkje vera eit eige rettssubjekt. SAPT sine faste organ vil vera representantskapet og styret. Representantskapet blir SAPT sin øvste myndigheit, og samtlege deltakarkommunar skal vera representerte der. Styret

skal ha tilsvarende ansvar og samansetnad som i dag, bortsett frå at dei øvrige kommunane (enn Bergen) no blir representerte gjennom fire regionar (mot to regionar i dag). Det er også gjort nokre mindre justeringar i inntakskriterier for bistand frå SAPT. Det er ikkje gjort endringar i kostnadsfordelingsnøkkelen.

Den nye samarbeidsavtalen må vedtakast av kommunestyret slik den er (utan endringar). Avtaleteksten må vera lik for alle samarbeidskommunane, og det vil ikkje vera høve for kommunestyret til å gjera endringar i avtaleteksten før vedtak. Alternativt kan kommunestyret gjera vedtak om at Samnanger ikkje lenger skal vera med i samarbeidet. Det vil også vera mogleg for kommunestyret å vedta avtalen, men knytta nokre kommentarar til vedtaket.

Oversikt over sentrale endringar i forhold til noverande samarbeidsavtale:

Noverande samarbeidsavtale for SAPT Hordaland	Ny samarbeidsavtale for SAPT Vestland
Tenesta skal gje tenester i Hordaland fylke. Avtalepartar er kommunar i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.	Tenesta skal gje tenester i Vestland fylke. SAPT Vestland består av kommunar og fylkeskommune i Vestland fylke som har slutta seg til avtalen.
SAPT Hordaland er organisert som eit interkommunalt samarbeid.	SAPT Vestland er organisert som eit oppgåvefellesskap etter reglane i kapittel 19 i den nye kommunelova.
Styringsorgan i SAPT er styret. Bergen kommune utpeikar styreleiar. Dei andre kommunane har 2 representantar i styret.	Styringsorgan i SAPT er representantskapen og styret. Representantskapen er øvste myndigheit og samtlege deltakarkommunar skal vera representert der. Bergen kommune utpeikar styreleiar. Dei andre kommunane har 4 representantar i styret.
	Øvre aldersgrense på 70 år.

Uttalar frå andre:

Det er ikkje henta inn uttalar frå instansar utanfor kommunen arbeidet med denne saka.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Samnanger kommune har behov for tenestene som SAPT tilbyr, sjølv om kommunen sin bruk av desse tenestene varierer ein god del frå år til år. Det vil vera svært vanskeleg for kommunen å oppfylle krav i barnehagelova, opplæringslova og lov om folketrygd dersom me ikkje kan få bistand frå SAPT. I den nye avtalen som no blir lagt fram for godkjenning, er det sett ei øvre aldersgrense på 70 år, noko som vil vera negativt for Samnanger. Sjå eige avsnitt om dette nedanfor.

Det går fram av den nye samarbeidsavtalen at samtlege deltakarkommunar i oppgåvefellesskapet skal vera representerte i representantskapet, og at medlemmene og varamedlemmene blir valde for fire år av gangen av den enkelte kommunen/fylkeskommunen. Dersom Samnanger skal vera med i samarbeidet, ser rådmannen det som naturleg at ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem og at varaordføraren blir varamedlem i representantskapet.

Innføring av øvre aldersgrense på 70 år

Det går fram av saksgrunnlaget frå Bergen kommune at styret i SAPT har vurdert korleis tenesta skal forhalda seg til den aukande etterspurnaden frå eldre brukarar, og at styret har konkludert med å endra den øvre aldersgrensa til 70 år. Alternativt har styret vurdert det som nødvendig å auka

kapasiteten i tenesta, noko som ville ha ført til auka kostnad. For Samnanger vil innføring av øvre aldersgrense på 70 år vera negativt. Dei siste åra har ein del innbyggjarar i Samnanger fått syns- og hørselshjelpemiddel gjennom eit samarbeid mellom kommunen si ergo-/fysioterapiteneste og SAPT. I desse sakene, som i dei fleste tilfella gjeld personar over 70 år, har kommunen si ergo-/fysioterapiteneste henvist brukaren til SAPT. SAPT har så gjort ei utgreiing av brukaren, og om nødvendig også søkt om hjelpemiddel til brukaren. Dersom SAPT ikkje lenger skal tilby denne tenesta til personar over 70 år, vil dette få nokre negative konsekvensar:

1. Kommunen må sjølv sørge for nødvendig synskompetanse, og overta oppgåver som SAPT står for i dag. Samnanger kommune har i dag ikkje nokon med nødvendig kompetanse til å kunne bestilla synshjelpemiddel. SAPT har slik kompetanse, og det er i dag dei som bestiller synshjelpemiddel.
2. Kommunen må også skaffa seg meir kompetanse på hørsel og hørselshjelpemiddel.

Konsekvensar:

Dei organisatoriske endringane av SAPT som no er tenkt gjennomført, vil truleg ikkje få negative konsekvensar for Samnanger. Det vil uansett vera nødvendig å få på plass ein samarbeidsavtale for SAPT som er i tråd med krava i den nye kommunelova.

Innføringa av øvre aldersgrense på 70 år for å få tenester frå SAPT, vil ha uheldige konsekvensar for Samnanger. Sjå eige avsnitt om dette ovanfor.

I 2022 var Samnanger kommune sin kostnad til SAPT i overkant av 50 000 kroner. Samnanger vil truleg ikkje få auka utgifter på grunn av dei endringa i organisasjonsmodell for SAPT. Kostnadsfordelingsnøkkelen i den nye avtalen er ikkje endra i forhold til i noverande avtale. Dersom fleire kommunar enn i dag sluttar seg til samarbeidet (kommunar i Sogn og Fjordane), forstår rådmannen det slik at eventuelle auka inntekter vil bli nytta til å auka talet på årsverk i SAPT. Samnanger kommune kan eventuelt få utgifter til nødvendig opplæring av eigne tilsette som følgje av innføringa av øvre aldersgrense på 70 år for å få tenester frå SAPT.

Konklusjon:

Sjølv om innføring av øvre aldersgrense på 70 år vil vera negativt for Samnanger, foreslår rådmannen etter ei samla vurdering likevel at kommunen sluttar seg til samarbeidsavtalen for det kommunale oppgåvefelleskapet SAPT Vestland. I tillegg foreslår rådmannen at ordføraren blir Samnanger kommune sin faste medlem i representantskapet, og at varaordføraren blir varamedlem.

Alternativt vil det truleg vera mogleg for kommunestyret å vedta at Samnanger sluttar seg til den framlagde samarbeidsavtalen, men i vedtaket leggja til ein kommentar om at kommunestyret ønskjer at innføringa av øvre aldersgrense på 70 år blir vurdert på nytt.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-S00
Arkivsaksnr: 23/211	Løpenr: 23/2070
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.03.2023	020/2023
Kommunestyret	20.04.2023	033/2023

Høyringsuttale til Energikommisjonen sin rapport – NOU 2023:3

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Nytt retta framlegg, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning, og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta vår i stor grad har den fordelan at ho er regulerbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes ynskjer me å knyte nokre merknader til utgreiinga:

- Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at vi handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følge av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur, sårbar natur og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrka støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstands nivå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko som grip inn i også andre samfunnsområder enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssentra og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på viktigeita av desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrka

arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

- Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspegla at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftskommune vil vi understreka viktigeita av at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren.

Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

- Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkjøring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkjøring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkjøring.

- Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngås i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengs nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikter. Vi stør ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

- Samnanger kommune er positive til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at det ved elektrifisering av sokkel bør vera eit klårt mål at ein størst mogleg del av denne blir gjort gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkel frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkel kan ein oppnå det motsette.

Når det gjeld utbygging av havvind er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

- Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små modulære reaktorar.

Handsaming:

Øyvind Stømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak. Han orienterte om at han hadde lagt inn tre ulike framlegg i Møteportalen, og at det var framlegget med tittel "Nytt retta framlegg" som vart sett fram.

Framlegget til Øyvind Strømmen vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta imot.

FORM- 020/2023 Vedtak:

Samnanger kommune tek Energikommisjonen si utgreiing til etterretning, og deler den uroa for Noreg sin framtidige kraftbalanse som også kjem fram i rapporten. I dei komande åra vil kraftsituasjonen i Europa endra seg, både fordi europeiske land ikkje ynskjer å gjera seg avhengige av import av gass frå Russland, og fordi det vert satsa stort på utbygging av fornybar energi i ei rekkje land. Dette vil også ha konsekvensar for Noreg og for vår konkurransesituasjon, sjølv om vasskrafta

vår i stor grad har den fordel at ho er regulerbar.

Energikommisjonen legg eit godt grunnlag for den breiare energipolitiske debatten. Samstundes ynskjer me å knyte nokre merknader til utgreiinga:

- Samnanger kommune vil påpeika at klimakrisa må handterast samstundes med at vi handterer naturkrisa, altså aukande tap av naturmangfald og bortfall av såkalla økosystemtenester, som følge av menneskeleg aktivitet. Det inneber at me også ved utbygging av fornybar energi må unngå inngrep i urørt natur, sårbar natur og at det må takast omsyn til dyrs leveområde. For å redusera behovet for ny kraftutbygging er det difor grunnleggjande viktig med omfattande tiltak for energiøkonomisering og energieffektivisering, inkludert styrka støtteordningar som gjer at flest mogleg kan gjera slike grep på husstands nivå, uavhengig av sin personlege økonomi.

Det inneber også tiltak for å redusera transportbehovet, der dette er mogleg, noko som grip inn i også andre samfunnsområder enn det reint energipolitiske. Energikommisjonen peiker på at fokus på transportbehov har konsekvensar for byplanlegging knytt til avstand mellom heim, skule, handelssentra og fritidsaktivitetar, medan ein i spreiddbygde strøk vanskeleg kjem unna individuelle transportløyningar. Samnanger kommune seier seg samde i dette, men vil peika på at transportbehov også må spela ei rolle i planlegging og utvikling utanfor byane. Samnanger kommune vil også peika på viktigheita av desentraliserte, gode og digitalt tilgjengelege offentlege tenester, og på at det bør leggjast til rette for auka bruk av både heimekontor og satelittkontor for dei som ynskjer og har moglegheit til dette. Det siste vil både kunne bidra til redusera persontransportbehovet og til å styrka arbeidsmarknaden i mindre kommunar som vår.

- Samnanger kommune er glad for kommisjonen si understreking av at skatte- og avgiftspolitikken må utformast på ein slik måte at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, og samstundes avspeglar at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar. Som ein vasskraftskommune vil vi understreka viktigheita av at lokalsamfunnet også haustar av verdiskapinga i sektoren.

Kommunen meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande.

- Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkjøring i vasskraftverka aktuelt. Samnanger kommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkjøring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningslinjer for effektkjøring.

- Samnanger kommune meiner utbygging av landbasert vindkraft må unngås i urørt natur. Det er positivt at det vert lagt opp til at vertskommunar får større innverknad i vindkraftsaker. Samstundes vil kommunen peika på at det trengs nasjonalt planverk på området, både for å definera område som ikkje bør vera aktuelle for utbygging av landbasert vind og for å beskytta naturverdiar, friluftsliv og andre interesser. Eit slikt nasjonalt planverk kan føra debattar om fornybar energi inn på eit meir konstruktivt spor, og også bidra til at ny, fornybar energi i større grad vert bygd ut, men då med mindre konflikter. Vi stør ei utgreiing av potensialet for nærvind, t.d. i form av mindre anlegg langs vegar, i industriområde eller i område der utbygging har få og små konsekvensar for natur og miljø. Samnanger kommune vil peika på at eit slikt arbeid må setjast i gang snarast.

- Samnanger kommune er positive til ei satsing på utbygging av havvind. Samnanger kommune er vald som utgangspunkt for elektrifisering frå land, noko som også inneber inntekter for kommunen. Me vil likevel understreka at det ved elektrifisering av sokkel bør vera eit klårt mål at ein størst mogleg del av denne blir gjort gjennom produksjon av fornybar energi offshore, anten gjennom havvind eller på andre måtar. Elektrifisering av sokkel frå land inneber knappare tilgang på kraft for industri på Vestlandet, og bidreg til å utfordra kraftbalansen. Ved utbygging av havvind og krav til dette i samband med elektrifisering av sokkel kan ein oppnå det motsette.

Når det gjeld utbygging av havvind er det samstundes viktig at det vert teke omsyn til natur, fugletrekk, påverknad på marint liv og fiskeriinteresser.

- Samnanger kommune vil peika på at energisituasjonen den siste tida har aktualisert ein debatt om kjernekraft. På kort sikt er kjernekraft neppe ei løysing for Noreg, mellom anna grunna utbyggingstid og små fagmiljø. Samstundes har FN's klimapanel peikt på at kjernekraft er ei delløysing, og Samnanger kommune vil understreka at det er viktig at Noreg følgjer og deltek i utviklinga av ny teknologi, til dømes små modulære reaktorar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

NOU 2023-3 Energikommisjonens rapport
Høyringsbrev frå Olje- og energidepartementet

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Vedlegg til NOU 2023:3 (Vedlegg 1 til 4)
(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-3/id2961311/>)
- Delegeringsreglement for Samnanger kommune

Oppsummering:

Energikommisjonen sin rapport (NOU 2023:3 – Mer av alt – raskere), vart 01.02.2023 sendt ut på offentlig høyring, med høyringsfrist 02.05.2023. Energikommisjonen vart oppnemnt i 2022 for å kartleggja det norske energibehovet og foreslå auka energiproduksjon mot 2030 og 2050. Rapporten deira inneheld ulike forslag til tiltak for å sørge for tilgang på rein og rimeleg kraft til industri og forbrukarar. Samnanger kommune har høve til å gje høyringsuttale, og sak om dette blir no lagt fram for politisk handsaming. Rådmannen har valt å ikkje gje tilråding til vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Energikommisjonen vart oppnemnt i februar 2022. Oppdraget til kommisjonen var å kartleggja det norske energibehovet og foreslå auka energiproduksjon mot 2030 og 2050. Kommisjonen leverte rapporten sin (NOU 2023:3 – Mer av alt – raskere) til Olje- og energidepartementet 01.02.2023. Departementet sende same dag rapporten ut på høyring, med høyringsfrist 02.05.2023. Rapporten inneheld ulike forslag til tiltak for å sørge for at det framleis skal vera tilgang på rein og rimeleg kraft til industri og forbrukarar.

Samnanger kommune kan gje høyringsuttale i saka. Det går fram i punkt 4.3 i kommunen sitt delegeringsreglement at det er kommunestyet som skal gje uttale i alle prinsipielle saker. I andre saker har formannskapet fullmakt til å gje uttale. Rådmannen tilrår at kommunestyret gjer vedtak i denne saka.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Ein viktig føresetnad i energikommisjonen sitt mandat har vore at Noreg framleis skal ha eit kraftoverskot, samt at klimamåla for 2030 og 2050 skal nåast. Forslaga til kommisjonen omfattar blant anna tiltak for ein meir effektiv og fleksibel energibruk, auka kraftproduksjon, raskare og betre

saksgang, auka nettkapasitet samt organisering for framtidens utfordringar i kraftmarknaden og for forsyningstryggleiken. I tillegg har kommisjonen vurdert kommunane si rolle og veival framover.

Tiltak og tilrådingar frå Energikommisjonen:

Energikommisjonen sine tilrådingar er oppsummerte i kapittel 1 i NOU 2023:3, i ti hovudpunkt. Denne oppsummeringa er relativt lang og omfattande (om lag 18 sider). Nedanfor følgjer eit samandrag av kvart av hovudpunkta i oppsummeringa til Energikommisjonen.

1 – Behov for eit taktskifte

Skal klimamåla nåast, betyr dette massive behov for meir fornybar kraft. Me er på veg inn i ei ny tid som krev ei omfattande omlegging av energisystemet, og me har dårleg tid. Me snakkar ikkje lenger om å auka takten. Me må opp i eit tempo som me ikkje har sett før. Me handlar ikkje raskt nok.

Forbruksveksten er forventa å bli betydeleg større enn planane som ligg føre om auka fornybar kraftproduksjon. Me kan gå frå ein situasjon med overskot til underskot på kraft i løpet av nokre få år.

Me treng meir effektiv og fleksibel energibruk for å senka forbruket, me må utløysa investeringar i mange typar fornybar kraft for å få opp produksjonen, og me må auka nettkapasiteten for å få krafta fram. Det er behov for klar politisk styring, og dei folkevalde må ta viktige vegval.

2 – Klimamål og grønt skifte: Kva må til?

Energikommisjonen legg stor vekt på at det er tidskritisk å auka utbyggingstakten for å koma så nær klimamåla i 2030 som mogleg. Dette krev ekstraordinære tiltak på kort sikt. Det er ikkje tid til at alt blir behandla slik det ville blitt i ein normalsituasjon. Utan nye tiltak vil me ikkje lukkast med å nå klimamåla, leggja til rette for ny grøen industri eller å sikra konkurransedyktige prisar.

Tiltak for å redusera klimagassutsleppa og auka industriaktiviteten gir utsikter til auka kraftforbruk i Noreg framover. Det er grunn til å forventa ein vekst på mellom 21 og 35 TWh innan 2030. Nyleg er det presentert nye prognosar som indikerer endå større vekst fram mot 2030, heilt opp ot 75 TWh i auka forbruk.

Miljødirektoratet har kome med to nye analysar som viser at me i 2030 kan få 24 TWh auka kraftforbruk som følgje av elektrifisering av industri og petroleumssektoren og mellom 44 og 60 TWh auka kraftforbruk i transportsektoren fram mot 2050. Samstundes er potensialet for energieffektivisering stort.

3 – Tiltak for ein meir effektiv og fleksibel energibruk

Klimamål, grøen vekst og teknologisk utvikling legg rammene for utviklinga i energibruken. I sum vil bruken av elektrisk kraft auka. Me må vidareutvikla heilskapen i energisystemet og varmesystema. Me må få til smart energibruk, som er meir digital, meir fleksibel og responderer på pris. Konkrete tiltak som blir føreslegne av Energikommisjonen:

- Utarbeiding av ein nasjonal handlingsplan for energieffektivisering
- Ein energieffektiv og grøenare industri
- Nasjonalt energieffektiviseringsløft i bygg

Kvart av tiltaka ovanfor er nærmare beskrivne i rapporten.

Energikommisjonen utfordrar kommunane til å vurdere moglegheitene for, og leggja til rette for, samlokalisering av industri som har overskotsvarme og industri som har

varmebehov.

4 – Tiltak for fjernvarme, bioenergi og varmepumper

Over halvparten av elektrisitetsbruken i bygningar går til varmføremål. Industrien har også eit stort varmebehov. Over heile landet er det samstundes mogleg å finna lokale ressursar som kan utnyttast til varme. Lokale ressursar som fjernvarme basert på spillvarmeressursar vil frigjera kraft til industriføremål med elektrisk effektbehov. Kommunane må ta eit stort og heilskapleg ansvar her.

5 – Tiltak for auka kraftproduksjon

Sjølv om me utnyttar potensialet for energieffektivisering og forbrukarflexibilitet, er det behov for meir kraft. Vurdert ut frå dei kraftutbyggingane som i dag har konsesjon, er det ikkje utsikter til vesentleg ny produksjon på kort sikt. Lange ledetider og låg samfunnsaksept er dei mest sentrale barrierane for at kraftproduksjonen kan auka vesentleg dei neste åra. Me må vurdere mange kjelder til ny fornybar energi, men me må også ivareta naturen og Noreg sine internasjonale forpliktingar. Prosjekt som bidreg med mykje kraft raskt, og prosjekt som gir auka effekt og auka fleksibilitet, vil ha størst verdi framover. Konkrete punkt og tiltak som Energikommisjonen nemner spesielt:

- **Skattar og avgifter påverkar moglegheitsrommet.** Skatte- og avgiftspolitikken må innrettast slik at den både bidreg til at lønnsame investeringar blir gjennomførte og til ei fordeling av skatteinntektene som blir opplevd som rettferdig.
- **Vasskraft.** Regulerbar vasskraft gir stor fleksibilitet og blir viktigare og meir verdifull framover på grunn av omfattande endringar i kraftsystemet, med auka elektrifisering og utbygging av meir uregulerbar kraft i Noreg og ikkje minst i landa rundt oss. Aktuelle tiltak er opprusting av eksisterande vasskraftanlegg, utviding av eksisterande anlegg og pumpekraftverk. Energikommisjonen legg i tråd med mandatet sitt til grunn at verneplan for vassdrag ligg fast.
- **Vindkraft på land.** Vindkraft på land har kort realiseringstid samanlikna med spesielt havvind, og kan spela ei sentral rolle for å oppretthalda eller styrka kraftbalansen fram mot 2030. Samstundes er utfordringa ulike barrierar som stoppar eller forseinkar utbygging av vindkraftanlegg. Dei viktigaste barrierane er naturomsyn, lokal aksept samt legitimitet lokalt. For å få lokale aksept er det viktig at ein auka del av verdiskapinga går til berørte kommunar.
- **Vindkraft til havs.** Noreg har eit stort potensial for utbygging av vindkraft til havs. Det er viktig å få klarlagt rammevilkåra og tildelt areal for utbygging, slik at dei første prosjekta kan stå produksjonsklare i 2030. Det må leggjast ein langsiktig og heilskapleg plan for vidare utvikling av havvind og havnett i Noreg, og det må leggjast til rette for utbygging av havvind langs heile kysten.
- **Solkraft.** Solceller gir mest kraftproduksjon om våren, sommaren og hausten, og kan gje eit godt bidrag til forsyningstryggleiken. Energikommisjonen ser svært positivt på etableringa av solkraft i Noreg, då denne kan etablerast raskt, men det er viktig at reguleringa blir tilpassa til den raske utviklinga. Dette inneber at barrierar må fjernast (reguleringar m.m.). Framover bør det utformast ein meir heilskapleg politikk for solkraft, både for solkraft på bygg og bakkemontert solkraft. Energikommisjonen meiner mellom anna at det må vurderast å innføre krav om eigenproduksjon av energi på nye bygg, samt at unntak frå søknadsplikt i plan og bygningslova må utvidast til å gjelda fleire bygg og solkraftanlegg.
- **Kjernekraft.** Fleirtalet i Energikommisjonen meiner at kjernekraft ikkje er ei løysing for Noreg no, men at Noreg løpande bør følgja den internasjonale utviklinga innan kjernekratteknologi og -sikkerheit.

6 – Tiltak for raskare og betre saksgang

Lange ledetider er ein vesentleg flaskehals for å få bygd ut ny produksjon og nødvendig nettkapasitet raskt. Energikommisjonen meiner det er mogleg å effektivisera konsesjonshandsaminga utan at dette går på bekostning av kvalitet eller demokratiske prosessar, og foreslår ei rekke tiltak knytt til dette.

7 – Tiltak for auka nettkapasitet

Utviklinga av kraftnettet er, ved sida av tilgang på fornybar kraft, ein føresetnad for å klara omstillinga me skal gjennom. Straumnettet har allereie i dag utfordringar på alle nivå og særleg i transmisjonsnettet. Betydelege industrietableringar og klimatiltak som krev elektrifisering, er allereie begrensa av kapasiteten i nettet.

Energikommisjonen viser til tiltak som Strømnettutvalget har anbefalt for å redusera ledetida. Energikommisjonen sluttar seg til desse anbefalingane, men ønskjer å gå lenger og foreslår også andre tiltak. Det store behovet for auka nettkapasitet kan ikkje løysast av dagens nett åleine.

8 – Organisering for framtida sine utfordringar

Sjølvorganiseringa og styringa av kraftsektoren er avgjerande for at me skal lukkast med å utnytta våre felles kraftressursar på ein samfunnsmessig god måte.

Energikommisjonen ser ikkje nokon grunn til å endra den eksisterande rolledeleinga i norsk kraftsektor. Under dette punktet har Energikommisjonen sett spesielt på følgjande punkt:

- Marknaden si rolle i morgondagens kraftsystem
- Handel med utlandet
- Forsyningstryggleik

Kvart av punkta ovanfor er nærmare beskrivne i rapporten.

9 – Kommunane si rolle

Kommunane har alltid hatt ei sentral rolle i utviklinga av energisystemet, og dei vil få eit stort ansvar for utviklinga av framtidens energisystem. Kommunane må involverast og ansvarleggjerast på ein tydelegare måte for utviklinga i energibruken.

Eit av vår tids største hinder for å få til auka kraftproduksjon, og då særleg vindkraft på land, er mangel på folkeleg og lokal oppslutning. Skal denne utfordringa takast på alvor, må verkemidlar for å fjerna dette hinderet takast i bruk. Energikommisjonen meiner mellom anna at:

- Kommisjonen er positiv til at ein auka del av inntektene frå vindkraft går til vertskommunar.
- Det er positivt at produksjonsavgifta går direkte til vertskommunar, og det er kommisjonen sitt syn at avgifta minst bør oppretthaldast på det nivået som no er foreslått.
- Produksjonsavgifta må sikrast indeksregulert kvart femte år for å ikkje mista si rettmessige verdi i løpet av tildelt konsesjonsperiode.
- Kommisjonen anbefalar at ein fast del på 15 prosent av grunnrenteskatten til staten frå det enkelte vindkraftanlegg skal tilfalla den berørte kommunen som stiller naturressursane sine til disposisjon for storsamfunnet.

10 – Dei vanskelege og avgjerande vala

Samfunnet står overfor viktige vegval. I kor stor grad ein lukkast i å redusera klimautsleppa og få til ei grønn omstilling blir direkte bestemt av kor mykje ny kraft som blir bygt og kor mykje meir effektiv og fleksibel all bruk av energi blir. Både

energieffektivisering og auka kraftproduksjon vil vera heilt nødvendig.

Energikommisjonen skriv at energieffektivisering venteleg kan gje ein rask effekt, og at dette talar sterkt for å prioritera tiltak på dette området så raskt som mogleg. Kommisjonen foreslår i tillegg ei rekke tiltak som skal gje auka kraftproduksjon. Kommisjonen skriv at me har dårleg tid, og at det ikkje skal store forseinkingar til for at målet om kraftoverskot blir vanskeleg å oppfylla mot 2030.

Energikommisjonen skriv også om kva dilemma dei folkevalde vil bli stilt overfor dersom me ikkje lukkast med å få nok kraft fram raskt. Dei beskriv tre ulike alternativ som dei folkevalde då vil kunne velja mellom:

1. Å godta at me i ein overgangsfase vil ha ein stram eller negativ kraftbalanse
2. Utsetja elektrifiseringsprosjekt, for eksempel på sokkelen eller i andre delar av økonomien
3. Begrensa tilknytninga av ny kraftintensiv energi

Det er behov for meir kraft dersom me skal nå samfunnsmåla. Dette fordrar raskast mogleg større satsing på energieffektivisering, auka investering i fornybar kraft og auka nettkapasitet. Fleirtalet i kommisjonen meiner at målet for 2030 må vera:

- Minst 40 TWh høgare fornybar kraftproduksjon frå vasskraft, vindkraft, havvind og solkraft.
- Minst 20 TWh energieffektivisering

Uttalar frå andre:

Det er ikkje henta inn uttalar frå andre i arbeidet med denne saka.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Energikommisjonen sin rapport er lang og omfattande, og det kan vera mogleg å uttala seg om mange delar av rapporten. Det er vanskeleg for rådmannen å vurdere kva delar av rapporten det vil vera mest aktuelt for Samnanger kommune å uttala seg om. Sjølv om ikkje alt som står i rapporten er direkte relevant for Samnanger, er det i alle fall nokre delar av rapporten som kan vera av spesiell interesse for kommunen og aktuelt å uttala seg om. Dette kan for eksempel gjelda:

- Elektrifisering av petroleumssektoren. Jf. planlagt landstraumanlegg frå Samnanger til oljefelta NOA og Krafla i Nordsjøen.
- Verneplan for vassdrag. Jf. vedtak i Samnanger kommunestyre 28.10.2020 med framlegg om å oppheva vernet av Eikedalsvassdraget.
- Tiltak for auka nettkapasitet.
- Vindkraftutbygging. Lokal medbestemming, avgifter m.m.
- Krafthandel med utlandet. Import og eksport av kraft.
- Energieffektivisering. Stimuleringstiltak, lov- og regelverk m.m.

Konsekvensar:

Menge av utviklingstrekk og tiltaka som Energikommisjonen beskriv i rapporten sin, kan få betydning for både Samnanger og andre kommunar. Det vil i åra som kjem vera behov for meir kraftproduksjon og meir energieffektivisering. Energikommisjonen skriv at det er behov for ein ny giv på desse områda og at dette må skje raskt. Dei skriv vidare at dersom klimamåla skal nåast, betyr dette massive behov for meir fornybar kraft. Dei peikar i rapporten også på at moglegheitene er

store, at det er ei rekke moglege verkemiddel (tiltak) for å få kraftproduksjonen opp og forbruket ned, at eitt tiltak åleine ikkje løyser problemet og at me må utnytta alle moglegheiter. Dersom dette ikkje blir gjort, kan det få store konsekvensar.

Konklusjon:

Det er vanskeleg for rådmannen å koma med forslag til høyringsuttale frå Samnanger i denne saka, og rådmannen har valt å ikkje gje tilråding til vedtak. Det er uansett viktig at politisk nivå i Samnanger får denne saka til handsaming, og at kommunestyret har moglegheit å gje høyringsuttale.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-002, TI-&00
Arkivsaksnr: 23/226	Løpenr: 23/2188
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.03.2023	021/2023
Kommunestyret	20.04.2023	034/2023

Høyringsuttale til forslag om endringar i inndelingslova

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Sak 021/23 – Inndelingslova, foreslått av Øyvind Røen, Senterpartiet

Samnanger kommune støttar framlegget frå Kommunal- og distriktsdepartementet om endringar i § 10 i inndelingslova. Desse endringane er naudsynte for å sikra eit reelt lokaldemokrati. Dette er særleg viktig for at også mindre lokalsamfunn (grender/bygdslag) innanfor ein kommune skal få høve til verta høyrde.

Øyvind Røen Sp

Handsaming:

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

I røytinga vart framlegget til rådmannen sett opp mot framlegget til Øyvind Røen. Framlegget til Øyvind Røen fekk 8 røyster og vart vedteke. Framlegget til rådmannen fekk 1 røyst (Jon Magne Bogevik, Ap).

FORM- 021/2023 Vedtak:

Samnanger kommune støttar framlegget frå Kommunal- og distriktsdepartementet om endringar i § 10 i inndelingslova. Desse endringane er naudsynte for å sikra eit reelt lokaldemokrati. Dette er særleg viktig for at også mindre lokalsamfunn (grender/bygdslag) innanfor ein kommune skal få høve til verta høyrde.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune støttar ikkje Kommunal- og distriktsdepartementet sitt forslag til endringar i § 10 i inndelingslova. Av omsyn til lokaldemokratiet bør det framleis vera kommunestyret som avgjer om det skal gjennomførast innbyggjarundersøking i saker om grensejustering, og korleis undersøkinga i så fall skal gjerast.

Dokument som er vedlagt:

Høringsnotat om endringer i inndelingslova

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70>)
- Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)

Oppsummering:

Kommunal- og distrikstdepartementet (KDD) har foreslått ei endring i § 10 i inndelingslova, og sendt forslaget ut på høyring med høyringsfrist 03.06.2023. KDD foreslår å leggja inn ein heimel for departementet i § 10 til å gjennomføra innbyggjarhøyringar, inkludert folkerøysting, i saker etter inndelingslova når departementet tek initiativ til å utgreia ei grensejustering. Rådmannen tilrår at Samnanger kommune ikkje støttar dette forslaget.

Saksopplysningar:**Bakgrunn for saka:**

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sende 03.03.2023 forslag til endringar i § 10 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) ut på høyring. Høyringsfristen er 03.06.2023. Lovendringa som KDD foreslår, er å leggja inn ein heimel for departementet til å gjennomføra innbyggjarhøyringar, herunder folkerøysting, i saker etter inndelingslova når departementet tek initiativ til å utgreia ei grenseendring. Departementet har ikkje slik heimel i dag.

Høyringa er publisert på regjeringa sine nettsider:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-endringer-i-inndelingslova/id2965244/>.

I høyringsnotatet skriv KDD at formålet med forslaget er å få ein klar heimel for departementet til å høyra innbyggjarane som ledd i saksførebuinga i den enkelte sak. KDD skriv vidare at det har vore omdiskutert om departementet treng ein slik heimel for å gjennomføra innbyggjarhøyring, eller om staten allereie har ein slik kompetanse. For å unngå tvil om dette spørsmålet, foreslår KDD ein generell heimel for å gjennomføra innbyggjarhøyringar i saker der departementet tek initiativ til å utgreia ei grensejustering. KDD foreslår vidare ein heimel for departementet til å kunne gje forskrift om gjennomføringa av den enkelte innbyggjarhøyringa.

I høyringsnotatet, som følgjer vedlagt, gjer KDD nærmare greie for gjeldande rett, bakgrunnen for forslaget og sjølve forslaget.

Samnanger kommune kan gje høyringsuttale i saka. Det går fram i punkt 4.3 i kommunen sitt delegeringsreglement at det er kommunestyet som skal gje uttale i alle prinsipielle saker. I andre saker har formannskapet fullmakt til å gje uttale.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Det går fram av KDD sitt høyringsnotat at endringar i kommune- og fylkesgrenser blir regulert av inndelingslova, samt at *grensejustering* blir brukt som samleomgrep på samanslåing, deling og grensejustering.

Endringa som KDD no foreslår, er å leggja til eit nytt avsnitt i § 10 i inndelingslova.

Noverande ordlyd i § 10 i inndelingslova:

§ 10. Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

KDD sitt forslag til ny ordlyd i § 10 i inndelingslova (dei føreslegne endringane er skrivne i kursiv):

§ 10. Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

Når departementet tek initiativ til å utgreie spørsmål om grenseendring etter § 8 tredje ledd, kan departementet innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje som nemnt i første ledd andre punktum. Departementet kan gi forskrift om gjennomføringa av innbyggjarhøyringa.

Initiativrett til å søkja om utgreiing av grensejustering og gransefastsetting

Reglar om initiativrett står i inndelingslova § 8. Det går fram av det andre leddet i § 8 at søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om samanslåing eller deling berre kan fremjast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv i dei kommunane eller fylkeskommunane endringsforslaget gjeld. KDD skriv i høyringsnotatet at dette er grunngjeve i lokaldemokratiske omsyn, og heng saman med at det er kommunestyret og fylkestinget som er dei øvste organa i høvesvis kommune og fylkeskommune.

Det går fram av inndelingslova § 8 tredje ledd at departementet på eige initiativ kan utgreia spørsmål om grensejustering og gransefastsetting. Det er departementet som avgjer om det skal setjast i gang utgreiing av eit initiativ etter inndelingslova § 8. Det er også departementet som skal ta stilling kva som er nødvendig omfang av ei slik utgreiing.

Det går fram inndelingslova § 9 fjerde ledd at før det blir gjort vedtak om grensejustering eller gransefastsetjing, skal dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld, få uttala seg. I saker om samanslåing eller deling må kommunestyret eller fylkestinget sjølv uttala seg.

Reglar om kva organ som har mynde til å gjera vedtak om samanslåing, deling, grensejustering og gransefastsetting står i kapittel II i inndelingslova. For vedtak om samanslåing av kommunar, gjeld følgjande reglar i § 4:

- Kongen (regjeringa) gjer vedtak når dei kommunane saka gjeld har slutta seg til forslaget om samanslåing. Dersom nokon av kommunane har uttalt seg mot samanslåing, skal saka leggjast fram for Stortinget til avgjerd.

For vedtak om deling av kommunar, gjeld følgjande reglar i § 5:

- Kongen (regjeringa) gjer vedtak om deling av ein kommune når kommunen eller kommunane saka gjeld, har slutta seg til forslaget. Dersom éin kommune har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd.

Departementet sine vurderingar

KDD skriv i punkt 3. 1 i høyringsnotatet mellom anna at forslaget deira til lovendring er meint å gje eit verktøy til staten i saker om grenseendring etter inndelingslova, med mål om å opplysa saka så godt som mogleg når departementet tek initiativ til å utgreia ei grenseendring. KDD skriv også at forslaget

ikkje gir staten nokon eksplisitt heimel til å gjennomføra rådgjevande folkerøystingar om andre spørsmål enn i saker om grenseendring etter inndelingslova. KDD skriv vidare at forslaget inneber at departementet kan avgjera om alle innbyggjarane i kommunen skal høyrast, eller berre innbyggjarar i delar av kommunen.

I punkt 3.2 i høyringsnotatet skriv KDD om bakgrunnen for forslaget om at departementet skal gjevast heimel til å gje forskrift om gjennomføringa av innbyggjarundersøkinga. Dette blir ikkje gått nærmare inn på i denne saksutgreiinga.

I kapittel 5 i høyringsnotatet oppsummerer KDD kva forslaget deira til endring i § 10 i inndelingslova vil innebera.

Uttalar frå andre:

Det er ikkje henta inn uttalar frå andre i arbeidet med denne saka.

Styreleiar Gunn Margit Helgesen i Kommunesektorens organisasjon (KS), der Samnanger kommune er medlem, har oppmoda alle kommunar om å senda inn høyringssvar. KS sitt hovudstyre vil truleg gje sitt høyringssvar i april.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Sjølv om KDD ikkje skriv noko om dette i høyringsnotatet, verkar det ikkje usannsynleg at forslaget deira har samband med den pågåande saka om eventuell deling av Kristiansand kommune. Statsforvaltaren i Agder har fått i oppdrag av KDD å utgreia ei slik deling. Bakgrunnen for denne saka er at i 2020 vart dei to kommunane Søgne og Songdalen slått saman med Kristiansand kommune. Dette vart gjort sjølv om kommunestyret i Søgne hadde sagt nei til samanslåing. Etter samanslåinga i 2020 har krefter i både Søgne og Songdalen kjempa for å få oppløyst den nye kommunen. Det kan no bli aktuelt å reversera samanslåinga, sjølv om bystyret i Kristiansand har sagt nei til folkerøysting og deling av kommunen.

Det går fram av ulike medieoppslag at det er svært forskjellige oppfatningar av departementet sitt forslag til lovendring og saka om Kristiansand kommune. Nedanfor følgjer to eksempel på dette.

Eksempel 1 er henta frå ei pressemelding frå KS 03.03.2023

(<https://www.ks.no/pressemeldinger/lovforslag-overkjoerer-demokratiske-prinsipper/>). Der uttalte styreleiar Gunn Margit Helgesen mellom anna følgjande:

- *«Dette forslaget er oppsiktsvekkende, og overkjoerer demokratiske prinsipper. Det er lokale myndigheter som gjennom demokratisk fattede vedtak utøver lokalt selvstyre. Retten til lokalt selvstyre i saker av lokal karakter brytes når regjeringen nå går lovveien for å overkjøre Kristiansand bystyres vilje.»*

Eksempel 2 er henta frå ei sak som vart publisert på NRK sine nettsider 03.03.2023

(<https://www.nrk.no/sorlandet/regjeringen-vil-endre-loven-for-a-kunne-ha-folkeavstemning-i-sogne-saken-1.16320289>). Der uttalte kommunalminister Sigbjørn Gjelsvik mellom anna at regjeringa er oppteken av at folk i Søgne og Songdalen skal bli høyrde:

- *«Derfor mener vi at det er både ryddig og klokt å fremme en egen hjemmel som sier at det kan regjeringen gjøre i slike situasjoner, så man kan sørge for at innbyggerne får si sin mening.*
- *«Hvis vi får flertall for lovforslaget så går vi videre og fremmer forslag om å gjennomføre en digital folkeavstemning i Søgne og Songdalen. Vi er opptatt av å ha et grunnlag som ikke*

kan bli utfordret i etterkant, hverken juridisk eller politisk.»

I saka i Kristiansand kommune kan det sjølvst argumenterast for at det av omsyn til lokaldemokratiet vil vera urimeleg dersom innbyggjarane i tidlegare Søgne og Songdalen kommunar ikkje skal få høve til å uttala seg gjennom ei innbyggjarundersøking. Samstundes kan det også argumenterast for at det av omsyn til lokaldemokratiet vil vera urimeleg dersom ikkje bystyret (kommunestyret) i Kristiansand sjølv skal få bestemma om det skal gjennomførast innbyggjarundersøking(ar) i kommunen.

Dersom Samnanger – mot kommunestyret sin vilje – hadde blitt tvangssamanslegen med ein eller fleire andre kommunar i 2020, og i dag vore i same situasjon som tidlegare Søgne kommune, kan det sjølvst henda at mange i Samnanger ville ha ønska ei slik lovendring som departementet no foreslår.

Tilsvarande kan det henda at mange i Samnanger vil meine at det ikkje vil vera rett dersom departementet – mot kommunestyret sin vilje – skal kunne gjennomføra innbyggjarundersøking i Samnanger om grensejustering (for eksempel samanslåing) mellom Samnanger og andre kommunar.

Det vil nok vera ulike oppfatningar av om kor vidt lovendinga som departementet foreslår, vil vera ei vesentleg endring eller ikkje. I tillegg vil det truleg vera ulike oppfatningar av om det vil vera naturleg at departementet skal kunne gjennomføra innbyggjarundersøkingar i kommunar mot kommunestyret sin vilje. Departementet har allereie i dag ein lovbestemt rett til på eige initiativ å utgreia spørsmål om grenseendring og grensefastsetjing, jf. inndelingslova § 8 tredje ledd. Det kan, slik departementet gjer i høyringsnotatet, sjølvst argumenterast for at det som følgje av dette også vil vera naturleg at departementet i slike saker skal ha ein lovbestemt rett til å gjennomføra innbyggjarhøyringar i dei aktuelle kommunane. Departementet skriv på side 6 i høyringsnotatet at det juridiske grunnlaget for at staten eventuelt kan gjennomføra ei innbyggjarhøyring mot viljen til ein eller fleire av dei berørte kommunane, så langt departementet er kjent med, ikkje er blitt eksplisitt vurdert. Departementet ønskjer med forslaget sitt til lovending å få ein slik heimel inn i inndelingslova. Sjølv om det er mogleg å argumentera for at dette ikkje vil vera ei vesentleg lovending – og for at det vil vera naturleg at departementet skal ha ein slik heimel – vil det vera vanskeleg å argumentera imot at ei slik lovending vil styrka departementet sine formelle rettar i forhold til kommunane (kommunestyra).

Det er også viktig å vera merksam på at dette er ei sak der lokaldemokratiske omsyn kan bli brukt både til å argumentera for og imot departementet sitt forslag til lovending. Eksempelvis vil truleg mange i tidlegare Søgne kommune meine at lokaldemokratiske omsyn tilseier at den føreslegne lovendinga vil vera fornuftig og nødvendig, medan fleirtalet i bystyret i Kristiansand truleg vil meine at den føreslegne lovendinga vil vera ei svekking av lokaldemokratiet.

Konsekvensar:

Det er vanskeleg å vita kva faktiske konsekvensar lovendinga som departementet foreslår vil få, ut over i den nemnde saka om eventuell deling av Kristiansand kommune. Statsministeren har etter at forslaget til lovending vart sendt ut på høyring, uttalt i media at regjeringa hans ikkje vil koma med fleire tilsvarande saker som saka om eventuell deling av Kristiansand kommune.

For Samnanger kommune vil lovendinga departementet foreslår truleg ikkje få nokon praktiske konsekvensar, i alle fall ikkje slik situasjonen er i dag. Likevel vil ei slik lovending gje departementet ein tydeleg juridisk heimel til å gjennomføra innbyggjarundersøking i Samnanger kommune (i heile kommunen eller i delar av kommunen) dersom departementet tek initiativ til ei grenseendring mellom Samnanger og andre kommunar. Det verkar i dag lite sannsynleg at ein slik situasjon kjem til å oppstå, men det er vanskeleg å spå om framtida.

Konklusjon:

Dette er ei sak der det ser ut til å vera skarpe skiljelinjer, også mellom politiske parti sentralt. Det er

ikkje enkelt for rådmannen å gje tilråding i denne saka. Rådmannen vel likevel å gje ei tilråding, med utgangspunkt i kva konsekvensar den føreslegne lovendinga potensielt vil kunne få for Samnanger kommune. Med dette som utgangspunkt, er rådmannen si vurdering at lovendinga som departementet foreslår, ikkje bør gjennomførast. Dersom det i framtida eventuelt skulle oppstå ein situasjon der departementet tek initiativ til grensendring mellom Samnanger og andre kommunar, vil det vera uheldig for lokaldemokratiet at departementet mot kommunestyret sin vilje skal kunne gjennomføra innbyggjarundersøking i heile eller delar av kommunen.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-Q14, TI-&46
Arkivsaksnr: 22/515	Løpenr: 23/2775
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.03.2023	026/2023
Kommunestyret	20.04.2023	035/2023

Status – utbetring av vegen i Hagabakkane

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta imot.

FORM- 026/2023 Vedtak:

Tiltaket med å utbetre vegen i Hagabakkane, øvre del opp til Hagabotnane, vert i investeringsbudsjettet for 2023 auka til ein kostnad på inntil 10 MNOK inkl. mva.

Rådmannen kjem tilbake til naudsynt budsjettregulering og finansiering i økonomirapporteringa pr. 1. tertial i juni. Det skal gå fram kva konsekvensar finansieringa av Hagabakkane har for dei andre prosjekta som er vedtekne i investeringsbudsjettet for 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tiltaket med å utbetre vegen i Hagabakkane, øvre del opp til Hagabotnane, vert i investeringsbudsjettet for 2023 auka til ein kostnad på inntil 10 MNOK inkl. mva.

Rådmannen kjem tilbake til naudsynt budsjettregulering og finansiering i økonomirapporteringa pr. 1. tertial i juni. Det skal gå fram kva konsekvensar finansieringa av Hagabakkane har for dei andre prosjekta som er vedtekne i investeringsbudsjettet for 2023.

Dokument som er vedlagt:

Rapport frå ABO – Forprosjekt Hagabakkane

Notat frå Sweco – revidert 09.11.2022

Årsak til endringsordrar – vedlegg til saksutgreing om vegutbetring Hagabakkane

Dokument som ikkje er vedlagt:

Oppsummering:

Øvre del av Hagabakkane er no nærast ferdigstilt og vil få ei betre trafikkavvikling for både gåande og køyrande. Prosjektet vart vedteke i KS 15.09.2022 (sak 049/2022) med ei kostnadsramme på 4,2 MNOK inkl. mva. Samla sum ved ferdigstilling har i løpet av prosjektgjennomføringa stige til om lag 10,75 MNOK inkl. mva.

Det ligg difor føre ei underfinansiering på om lag 6,55 MNOK inkl. mva. Hovudårsaker til at prosjektet har blitt vesentleg dyrare enn først vedteke er:

- Feil i kalkuleringa knytt til vedteken økonomisk ramme på 4,2 MNOK. Denne summen er oppgjeven som inkl. mva, men var i realiteten rekna som ekskl. mva. Om summen hadde vore rekna korrekt, ville han vore om lag 5,25 MNOK inkl. mva. Dette syner at vedtaket som kommunestyret gjorde hadde ein negativ feil i framstillinga frå rådmannen på i overkant av 1 MNOK.
- Det er oppgjeve 18 endringsordrar for prosjektet. Dei sju mest kostnadskrevjande endringane summerer seg til om lag 3,5 MNOK inkl. mva. Dei øvrige 11 endringane summerer seg samla sett til om lag 0,5 MNOK.

Saksopplysningar: Status og finansiering - utbetring av vegen i Hagabakkane vart vedteken i kommunestyret 15.09.2022 (sak 049/2022). Prosjektet vart vedteke med ei kostnadsramme på 4,2 MNOK inkl. mva. Undervegs i gjennomføringa har prosjektet auka i omfang, og kostnadane er no når det nærmar seg slutføring på inntil om lag 10,75 MNOK inkl. mva. Om lag kr. 740 000 av denne summen gjeld prosjektutgifter i 2022. Resten av summen gjeld prosjektutgifter i 2023.

Rådmannen vil i denne saka gje status for prosjektet, samt orientere om at budsjettet vil bli foreslått oppjustert i neste tertialrapportering, i tråd med det talgrunnlaget som blir lagt fram i denne saka.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i budsjett og økonomiplan for 2022-25, sak 126/2021, verbalpunkt 10: «Midlar frå Sima-Samnanger-fondet vert nytta til prosjektering og forarbeid på oppgradering av eksisterande veg i Hagabakkane. Rådmannen vert bedt om å ta med oppgradering av denne i samband med budsjett og økonomiplan 2023.»

I oppfølging av verbalpunktet vart det utarbeidd eit forslag for forbetringstiltak i øvre del av vegen. Ved å dele opp tiltaket i ein nedre og ein øvre del kunne kommunen unngå reguleringsplan. Eit arbeid i øvre del kunne startast allereie hausten 2022, medan det for nedre var ein føresetnad at kommunen fekk avtale med alle grunneigarane om tiltak.

I september 2022 vedtok kommunestyret igangsetting av øvre del, i kommunestyresak 49/2022: «Samnanger kommune vedtek å gjennomføre tiltak med budsjettkostnader som vist nedanfor.

- *Utbetring av veg til Hagabotnane, inntil 4,2 millionar kroner.*

Med unnatak av tilskot frå Enova vert verbalvedtak og ekstraløyving finansiert med ubrukte midlar i 2022. Investeringar inkludert desse tiltaka vert budsjettjustert i 2. tertialrapport til kommunestyret.»

I kommunestyret 08.12.2022 vart det fatta vedtak om ei løyving i 2022 til det som allereie var nytta på prosjektet. Sum for denne løyvinga var kr. 625 000 inkl. mva (kr. 500 000 ekskl. mva).

I budsjett for 2023 vart det lagt inn ytterlegare løyving til prosjektet på 2,125 MNOK inkl. mva.

Det er altså gjort vedtak som samla finansierer 2,75 MNOK inkl. mva. i prosjektet i 2022 og 2023.

Øvre del av Hagabakkane

Før prosjektet vart lagt ut på anbod, utførte firmaet Sweco ei geologisk vurdering av type sikring, sikringsmengde og kostnader for sikringa som det ville bli behov for ved fjerning av bergmasse for å

få utvida vegen.

Både rapporten frå ABO på utbetring, «Forprosjekt Hagabakkane» (jf. kommunestyresak 049/2022, handsama i møte 15.09.2022

(<https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfdocument.ashx?journalpostid=2021016451&dokid=196442&versjon=1&variant=A&>), og geologisk rapport frå Sweco var med i grunnlaget for anbudet som vart lyst ut.

Kontrakten vart lyst ut som ein totalentreprise NS8407 med forprosjektet og Sweco sitt notat som dokumentasjon inkl. målsette teikningar. Type anbod som då vart valt, var å legge prosjekteringa til dei utførande, der byggeleiar og utførande finn dei mest eigna løysingar på vegutvidinga. Dette for å vinne tid og få utbetringa gjennomført til vår- og sommarsesongen 2023.

Anbud og finansiering

Det kom inn fire tilbod innan fristen den 05.01.2023 kl. 12.00.

Tilbodet til Hylland AS var billigast når me også la opsjonen til grunn for tildelinga, då me hadde vore i kontakt med aktuelle grunneigarar som var munnleg positive til å avstå grunn til opsjonen. Dette vart avklart rett før tildelinga.

Øvre del

Den 06.01.2023 vart kontrakten tildelt til Hylland AS. Kontraktsummen vart kr 4 937 500 inkl. mva. I tillegg er delar av opsjonen, ein mur ved bekken i svingen, del av kontrakten. Tilleggssum for dette er kr. 426 250 inkl. mva. Samla har kommunen ei kontraktsforplikting på kr. 5 363 750 inkl. mva.

Arbeidet med øvre del er i all hovudsak ferdigstilt pr. 22.03.2023.

Nedre del

I utlysinga av anbudet vart det også bedt om ein særskilt opsjon på nedre del av Hagabakkane. Føreresnaden for bestilling og gjennomføring av denne delen var å få avtalar med grunneigarane, politisk godkjenning og finansiering. Denne opsjonen er ikkje utløyst, og rådmannen vurderer det som uaktuelt å nyttiggjere seg denne grunna allereie påløpte kostnader. Opsjonen kan ut frå erfaring så langt stipulerast til om lag 5 MNOK inkl. mva., men dette er høgst usikre tal.

Avsett ramme og finansiering

Ifølgje kommunestyrevedtaket frå 15.09.2022 i sak 049/2022 skulle tiltaket vore finansiert og budsjettjustert hausten 2022. Dette vart delvis gjennomført med ei løyving på kr. 625 000 i kommunestyret 08.12.2022 i sak 072/2022. Løyvingssummen i sak 072/2022 tilsvara det som fram til då hadde vore nytta på prosjektet. Samla vart det nytta kr. 732 000 inkl. mva. på prosjektet i 2022. Anslått totalramme på 4,2 MNOK inkl. mva. vart ståande som prosjektet si ramme, utan å verta justert for eit meir oppdatert anslag eller høg prisvekst.

Prosjektet hadde då kontakten i vart inngått i januar 2023 ei underfinansiering på kr. 3 780 000 inkl. mva., jf. følgjande oversikt:

	Inkl. mva
Påløpte kostnader i 2022 (skogrydding, konsulentarbeid)	732 000
Inngått kontrakt med Hylland AS i januar 2023 (inkl. mur)	5 363 750
Sum finansieringsbehov	6 095 750
Budsjettert finansiering 2022 og 2023	2 750 000
Sum underfinansiering	-3 345 750

I slike prosjekt er det også pårekeleg at det under prosjekteringa kjem endringsmelding(ar) som kan føre til ekstrautgifter, jf. 18 omtala endringspunkt i dette prosjektet (vedlegg).

Det vart orientert om framdrifta i tiltaket i formannskapet i februar 2023. Økonomi og finansieringa

skulle rådmannen komme tilbake til formannskapet i marsmøtet (økonomirapporteringa). Rådmannen ville då kunne gje eit meir oversiktleg bilete av økonomisk status, og det er dette som vert gjort no i denne saka.

Fakta grunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Utbetring av vegen starta opp den 23.01.2023. Ved denne type anbod, der det er prosjektering under bygging, er det pårekeleg at det kan komme endringar. Prosjektet har også høg risiko, sidan det er ein gammal veg og ukjente grunnforhold. Dette burde rådmannen i større grad tatt høgde for i budsjetteringa.

Endringsmeldinger

I løpet av februar 2023 vart særskilte ekstratiltak og dei økonomiske overskridingane avklart. I alt 18 endringar større og mindre endringar er avtala mellom byggherre og entreprenør. Dette var endringsbehov vurdert som nødvendige å få gjennomføra i samband med vegutbetringa. Sjølve prosjektet er mest knytt til arbeid på oppsida av vegen, medan endringstiltaka i hovudsak er utgifter å få sikre vegen mot å gli ut på nedsida.

Kostnadene for desse ekstratiltaka er pr. 24.03.2023 rekna til kr. 3 920 320 inkl. mva. I summen er det også lagt inn ein risikokostnad frå byggeleiar. Det står difor att å få målt medgått mengde masse når prosjektet er ferdig, og dermed dei eksakte kostnadane. I beste fall kan kostnaden reduserast noko, i verste fall kan det bli ein auke.

Endringane er knytt til at vegen ligg på jord, noko som ikkje var omtalt i geologisk rapport. I tillegg gjeld endringane auke i vegbreidda, for å betre tilhøva for gåande mellom utkøyrslar, meir jord over berg enn antatt og sikring for utrasing med murar på ulike punkt og betre svingradius i sving (detaljlar er omtala i vedlegg).

Prosjektet er framleis under arbeid og geolog skal ha ny vurdering 27.03.2023 om eventuelle endringar i sikringsmengde. Sweco gjennomfører 3. partskontroll til kr. 150 000,- inkl. mva. Tekniske utfordringar i prosjektet kan vere avklart når sprengingsarbeidet er ferdig, og vert difor noko ein må komme tilbake til. Alle endringar vert gjort opp etter medgåtte oppmålte mengder og ved justeringar når målebreva er avklara.

Status økonomi per 22.03.2023

Forventa samla prosjektkostnad	Inkl. mva
Kostnader i 2022:	
Påløpte kostnader i 2022 (skogrydding, konsulentarbeid)	732 000
Kostnader i 2023:	
Kontrakt med Hylland AS inngått i januar 2023	5 363 750
Tillegg iht endringsmeldingar etter at kontrakten vart inngått	3 920 320
Tillegg kontroll geolog – Sweco	150 000
Lyspunkt frå Eviny (montering er med i kontrakten)	420 000
Lønnskostnad kommunen sin prosjektleiar januar - juni 2023	150 000
Sum 2023	10 004 070
Sum forventa samla kostnader i 2022 og 2023	10 736 070

Kostnadene i 2022 er finansierte gjennom vedtak i kommunestyret 08.12.2022 (sak 072/2022) og i kommunerekneskapen for 2022.

Finansiering

Rådmannen tek sjølvkritikk på at auka kostnad ikkje har vore tilstrekkeleg kommunisert, og heller ikkje vorte lagt fram for handsaming i kommunestyret før no. Både prisauke, anbod og påløpte

ekstrakostnader på prosjektet burde vore opplyst om før gjennomføring av prosjektet i 2023.

Internkontrollsystem for rapportering på økonomisk status og framdrift til politisk leiing har ikkje vore godt nok brukt. Dette kan verte betre gjennom rapporteringssystemet Framsikt, som kommunen har teke i bruk frå januar 2023. I Framsikt er det no også etablert rapportering for investeringsprosjekta, med faste rapporteringspunkt til rådmannen. Denne rapporten bør også gå fast som informasjon til både formannskap og kommunestyre, slik at status og eventuelle avvik vert kjent for desse organa så tidleg som mogleg.

Vurderingar og konsekvensar:

Utbetring av vegen i Hagabakkane har over lang tid vore eit ønskje frå både innbyggjarar og politisk hald. Det er svært positivt at me no får ei betre trafikkavvikling for både gåande og køyrande.

Rådmannen tek sjølvkritikk og vil arbeide for å sikre betre forståing av internkontroll samt prosjektstyring av investeringsprosjekta. Til kvart møte i formannskapet og kommunestyret skal det rapporterast på både økonomi, finansiering og framdrift på investeringsprosjekt.

For å få vurdert om vegutbetringa i øvre del av Hagabakkane kan finansierast innanfor den vedtekne budsjetttramma for investeringar i 2023, ber rådmannen om å få komme tilbake til kommunestyret i første tertialrapport (juni 2023), og der leggja fram forslag til ny total kostnadsramme med tilhøyrande finansiering. Det må også verte vurdert i tertialrapporten om dette (finansieringa av prosjektet) vil påverka oppstart og gjennomføring av dei andre prosjekta som er finansierte i investeringsbudsjettet for 2023.

Konklusjon:

Tiltaket med å utbetre vegen i Hagabakkane øvre del opp til Hagabotnane vert i investeringsbudsjettet for 2023 auka til ein kostnad på inntil 10 MNOK inkl. mva. Rådmannen kjem tilbake til dette i 1. tertialrapport til kommunestyret.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Edith Oma	Arkivkode: FE-251
Arkivsaksnr: 21/703	Løpenr: 23/2673
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.03.2023	025/2023
Kommunestyret	20.04.2023	036/2023

Søknad startlån til vidarefordeling 2023–2024

30.03.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 025/2023 Vedtak:

Samnanger kommune tek opp lån i Husbanken på kr 5 000 000 for å gje økonomisk hjelp til bustadformål. Lånet skal nyttast til vidareformidling av startlån.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek opp lån i Husbanken på kr 5 000 000 for å gje økonomisk hjelp til bustadformål. Lånet skal nyttast til vidareformidling av startlån.

Dokument som ikkje er vedlagt:

[Startlån og tilskudd for kommuner - Husbanken](#)

Saksopplysningar:

NAV-kontoret har som hovedfokus å bidra til å løyse budstadsituasjonen for aktuelle målgrupper i kommunen. Startlån er eit verkemiddel som vert nytta når innbyggjarar ikkje får lån i vanleg bank til for eksempel kjøp av bustad, og som ikkje har høve til å spara. Ein kan òg søkje om startlån til andre formål, som utbetring av bustad eller refinansiering av bustad. Startlån vert ofte gitt til barnefamiljar, men òg andre kan søkja og få startlån. Ein kan lesa meir om ordninga på [Startlån og tilskudd for kommuner - Husbanken](#). Startlån, som er lån i Husbanken, vert vidareformidla av kommunen. Låntakar betaler renter og avdrag til kommunen, som administrerer låna i Husbanken.

Det er pr. i dag søkjarar til startlån, og kommunen opplever større tilgang av søkjarar enn tidligare.

Pr 01.01.2022 hadde kommunen kr 5 860 591 som unyttta midlar til startlån. Pr. 31.12.2022 var dette

redusert til kr 823 939. Kommunen har som følge av dette no behov for meir midlar til startlån, og rådmannen foreslår at det vert søkt om kr 5 000 000.

Vedtak om opptak av lån i Husbanken må gjerast av kommunestyret.

Konklusjon:

For å kunne innfri fleire søknader som fyller vilkåra for startlån, og fordi ein forventar fleire søknader om startlån, er det behov for å auka låneopptaket i Husbanken. Rådmannen meiner derfor at det er grunnlag for at kommunen tek opp kr 5 000 000 i nytt lån i Husbanken, for å gje økonomisk hjelp til bustadformål.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Daniel Borge Kristensen	Arkivkode: FA-C11
Arkivsaksnr: 23/316	Løpenr: 23/3308
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.04.2023	037/2023

Tilrettelegging for gaming- og e-sport i Samnanger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter anbefaling frå ungdomsrådet, skal kommunen utarbeida og gjennomføra ei spørjeundersøking blant ungdom i kommunen om eit senter for gaming og e-sport er eit tilbod dei ønskjer. Resultatet frå undersøkinga skal takast med i vurderinga av om det er behov for eit slikt tilbod i Samnanger. Etter at undersøkinga er gjennomført, skal saka leggjast fram igjen for kommunestyret. Dette skal gjerast seinast i september 2023.

Dokument som er vedlagt:

Interpellasjon frå Frp om senter for e-sport
Svar på interpellasjon frå Frp om senter for e-sport

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kulturdepartementet sin rettleiar om møteplassar for dataspel og datakultur (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/moteplasser-for-dataspill-og-datakultur-v-1025-b/id2868104/>)
- Rapport «Møteplass Datakultur» (<https://datakultur.org/rapport/>)

Oppsummering:

Kommunestyret handsama 09.03.2023 ein interpellasjon frå Samnanger Frp om å oppretta eit senter for e-sport i dei tidlegare biblioteklokala på kommunehuset. Kommunestyret vedtok å be rådmannen om å leggja fram sak om dette i kommunestyret 20.04.2023. I samsvar med uttale frå ungdomsrådet tilrår rådmannen at det blir gjennomført ei spørjeundersøking blant ungdommen i Samnanger før kommunestyret får saka til endeleg handsaming i september 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret handsama 09.03.2023 ein interpellasjon frå Samnanger Frp om å oppretta eit senter for e-sport i det gamle lokalet til biblioteket på kommunehuset. Det stod i interpellasjonen at det er eit stort e-sport miljø i Samnanger kommune og at dette lokalet og lokasjonen kan vera ein bra plass for å samla ungdom med denne interessa. Kommunestyret vedtok 09.03.2023 at dette skulle leggjast fram som ordinær sak på neste kommunestyremøte, som er 20.04.2023.

Rådmannen meiner det er viktig at representantar for ungdommen i kommunen får høva til å uttala seg i saka. I ungdomsrådsmøte 09.02.2023 kom det tilbakemelding frå ungdomsrådet om at dei ikkje kjenner til at det er eit stort miljø for e-sport i kommunen og at dei lurar på om Frp eigentleg meiner HADO (AR sport) eller gaming generelt. Ungdomsrådet hadde også saka på dagsorden i møte 23.03.2023, og kom der fram til at dei ønskjer at Samnanger kommune gjennomfører ei spørjeundersøking blant barn og unge om dette er eit tilbod dei ønskjer. Rådmannen tilrår at det blir gjennomført ei slik spørjeundersøking før det blir teke endeleg avgjerd i saka.

Fakta grunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Nedanfor følgjer litt informasjon om forskjellen på «gaming», HADO og e-sport, og om noverande tilbod i Samnanger:

Gaming:

«Game er eit engelsk ord som betyr spel eller leik og blir brukt i norsk daglegtale i uttrykk som å game...» (snl.no). Gaming er ein fritidsaktivitet der ein spelar åleine eller saman med nokon enten over internett eller eit lokalt nettverk. Gaming blir sett på som eit kulturuttrykk som bidrar til kreativitet, samarbeid, læring og felleskap og vart i 2019 løfta opp som kultur, kunst, næring og fritidsaktivitet av regjeringen.

HADO:

HADO Sport liknar på kanonball, men i AR format. AR står for augmented reality, ofte kalla utvida verkelegheit på norsk. Her erstattar ein ikkje alle synsinntrykk, men legg eit lag med digitalt tilleggsinnhald oppå eit bilete, gjerne levert direkte frå eit kamera.

Spelet kan spelast med 1-6 spelarar, der 3 personar dannar 1 lag. Spelarane må vera i rørsle, og skota ser ein berre via brillene ein bruker. For å spela Hado AR Sport, trengst eit område på 10X6m og tilgang til internett. Dette konseptet fungerer like godt ute som inne, så lenge det er fint vær (hadonorge.com).

E-sport:

E-sport står for elektronisk sport. E-sport er ei samlenemning på den organiserte delen av den elektroniske konkurransebaserte spelinga, og kan gå føre seg på datamaskiner, spelekonsollar, eller mobil. Ein e-sportsutøvar kan delta i ligaer og turneringar. E-sport består stort sett av videospelkonkurransar med fleire spelarar, ofte på lag, som konkurrerer mot kvarandre (utdanning.no).

Gamingtilbud i Samnanger:

Det gamle biblioteket på kommunehuset kan vera aktuelt for eit gamingtilbod i Samnanger. Det er stort nok til å arrangera HADO og eit e-sport lag kan ha trening i lokalet. Det kan også brukast til eit lågterskeltilbod og møteplass for gamere. Biblioteket på Bjørkheim kan også brukast, men her har ein avgrensa plass til å setja opp gaming pc'ar eller anna relevant utstyr. Det er også naturleg å tenkja at den nye hallen som er planlagd kan brukast til gaming, e-sport og HADO. Andre bygg i Samnanger kan vurderast men det er svært sannsynleg at det då vil bli leigeutgifter.

Gamingtilbud i dag:

Per dags dato har biblioteket på Bjørkheim allereie tilbod for gaming. Med prosjektet «Ungdomen inn i biblioteket» vart det kjøpt inn spelekonsollar og Mac til bruk i ungdomsrommet på biblioteket. Med meirope bibliotek er det mogleg for dei over 15 år til å koma å spela utanom opningstidene. Ungdomsrådet meiner at det er få som brukar dette tilbodet slik som det er i dag. Bibliotekar informera også om lite bruk. I tillegg til gaming på biblioteket blir det også arrangert «LAN party» ein

gong i halvåret av Samnanger kommune. Her samlar spelinteresserte seg og spelar saman gjennom ei natt.

HADO på Bjørkheim:

Ansvarleg for HADO sport i Samnanger har vore i kontakt med frivilligsentralen og har eit ønskje om å bruka biblioteket på Bjørkheim som ein fast plass og arrangera HADO treningar på, sidan dette ligg sentralt på Bjørkheim og vil vera meir tilgjengeleg for folk. Treningane er kome i gong allereie, og det er gjeve tilbakemeldingar på at dei har vore godt besøkt.

Finansiering av utstyr:

Kommunen kan søkja om støtte til å kjøpa inn utstyr til gamingtilbod. Kommunen kan søkja om finansiering til prosjektet gjennom mellom anna Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) si nasjonale tilskotsordning for inkludering av barn og unge og aktivitetsmidlar som blir delt ut nasjonalt.

Uttalar frå andre:

Ungdomsrådet gav 23.03.2023 følgjande uttale i saka:

«**Gamingsenter:** I ein interpellasjon frå FRP i kommunestyret ønskjer dei å ta i bruk det gamle biblioteket på kommunehuset til ein møteplass for barn og unge som er interessert i gaming. Ungdomsrådet syntest det er eit positivt initiativ men trur at det kan vera lurt å ha ei undersøking blant ungdom om dette er eit tilbod som dei trur vil bli brukt eller ikkje. Dei tenkjer at det bør vera eit lågterskel tilbod og ein plass å henga. Ungdomsrådet stiller spørsmål til kva som vil skje med treningsrommet som no er i bruk av brannvesenet i Samnanger? Her vart det også snakka om at biblioteket på Bjørkheim allereie har eit gamingtilbod, men at det blir lite brukt. Folk vel heller å spela heime på eige utstyr.»

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderingar:

Det er positivt at det blir sett fokus på gaming i Samnanger og at det blir teke initiativ til å oppretta eit senter for gaming på det gamle biblioteket på kommunehuset. I følgje rettleiaren «møteplassar for dataspel og datakultur» frå kulturdepartementet, spelar 86 prosent av barn og ungdom dataspel. Dette gjer dataspel til den største eigenorganiserte fritidsaktiviteten blant barn og unge i Noreg i dag.

Det gamle biblioteket på kommunehuset kan vera ein fin plass å samla gamarar til eit lågterskeltilbod, i tillegg til at det kan vera moglegheit for eit eventuelt e-sport-lag og halda treningar der. HADO kan det også vera moglegheit for om ansvarleg for HADO ønskjer dette. Det er pr. i dag ikkje bestemt kva dei gamle biblioteklokala skal brukast til i framtida. I dag blir lokala brukt til treningsrom for tilsette i brannvesenet.

Dei gamle biblioteklokala på kommunehuset er ikkje av nyare dato og det må takast ei vurdering av om lokala må pussast opp. IKT Nordhordaland må kontaktast for å ta ei vurdering på om det må installerast fleire nettverkspunkt, straumpunkt og om det må kjøpast inn nettverksutstyr.

Eit lågterskeltilbod vil også krevja at kommunen har eit organisert opplegg med vaksne vakter som passar på og er tilgjengelege. Frivillige eller ein ungdomsarbeidar kan vera ei løysing. Det må vurderast om ungdom skal kunne få tilgang til rommet på eigenhand på same måte som på kommunen sitt meirope bibliotek på Bjørkheim. Det må i så tilfelle installerast eit låsesystem og overvakingkamera og eventuelt ein alarm. Utstyr må då også vera tjuverisikra.

Ungdomsrådet stiller spørsmål om kva som vil skje med treningsrommet som no er i bruk av brannvesenet i Samnanger. Her må kommunen koma med eit alternativ til ny lokasjon for trening.

Det er per dags dato eit gamingtilbod på biblioteket på Bjørkheim. Men ifølgje bibliotekar og ungdomsråd er dette lite i bruk. Det er mogleg å jobba med marknadsføring for tilbodet og prøve å arrangera fleire gamingtilbod på biblioteket enn det er i dag. Slik kan ein bruka det me allereie har tilgjengeleg til å skapa eit gaming miljø. Om ein er 15 år eller eldre kan ein i dag skriva kontrakt for meirope bibliotek slik at ein kan låsa seg inn på biblioteket sjølv. Biblioteket har allereie overvåkingskamera og låsesystem i orden. For dei som er under 15 år vil speling utanom opningstidene ikkje vera aktuelt på biblioteket på Bjørkheim.

Viss eit e-sport-lag ønskjer å starta opp, vil det vera avgrensa med plass til dette på biblioteket på Bjørkheim. Det er ikkje kjent for ungdomsrådet at det er eit e-sport-lag i Samnagner i dag, så dette er kanskje ikkje aktuelt på noverande tidspunkt.

Den framtidige fleirbrukshallen som er planlagt vil truleg vera ein plass der ein kan samla eit gamingtilbod, HADO-sport og e-sport-lag. Realisering av fleirbrukshallen ligg uansett relativt langt fram i tid, og det kan tenkjast at kommunehuset kan bli brukt fram til hallen står ferdig.

Eit viktig funn i «Møteplass datakultur-rapporten» er at ungdomar ønskjer eit dataspeltilbod i kombinasjon med andre sosiale og fysiske aktivitetar. Samlokalisering av tilbod for ungdom vil derfor i mange tilfelle vera ei god løysing, framfor å utvikla eigne møteplassar og lokale berre for dataspel og datakultur (Kulturdepartementet sin rettleiar, «møteplass for dataspel og datakultur»).

Ungdomsrådet synest det er eit positivt initiativ frå Frp, men trur at det kan vera lurt å ha ei undersøking blant ungdom for å avklara om dette er eit tilbod som dei trur vil bli brukt eller ikkje. I samsvar med tilrådinga frå ungdomsrådet bør kommunen utarbeida ei spørjeundersøking blant ungdom i kommunen på om dette er eit tilbod som dei ønskjer å ha. Resultatet frå undersøkinga bør takast med i vurderinga av om det er behov for eit slikt tilbod i kommunen. Etter at undersøkinga er gjennomført, bør saka takast opp igjen i kommunestyret.

Konsekvensar:

Sjølv om det kan vera mogleg for kommunen å få økonomisk tilskot til datautstyr, vil det etter alt å døme medføre utgifter for kommunen dersom det skal etablerast eit senter for gaming og e-sport i dei gamle biblioteklokala på kommunehuset. Dette kan vera utgifter til tilrettelegging av lokala, teknisk utstyr (nettverksutstyr, utstyr for adgangskontroll, etc.), og eventuelt også lønnsutgifter til bemanning i lokala. Det vil vera nødvendig å gjera ei berekning av sannsynlege utgifter før det eventuelt blir gjort vedtak om etablering av eit slikt senter.

Konklusjon:

Rådmannen tilrår at kommunen gjennomfører ei spørjeundersøking blant ungdommen i Samnanger våren/sommaren 2023, og at saka etter dette blir lagt fram for endeleg handsaming i kommunestyret i september 2023. Resultatet frå spørjeundersøkinga bør takast med i vurderinga i den endelege handsaminga av saka.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FA-D11
Arkivsaksnr: 21/708	Løpenr: 23/3298
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.04.2023	038/2023

Fleirbrukshall - vurdering av tomtealternativ, måloppnåing/samfunnseffekt, risiko, framdriftsplan og kostnader

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgende:

1. Å leggje *Samnanger fleirbrukshall - prosessplan* d. 20.04.23 til grunn i det vidare arbeidet med å planlegge og byggje ny fleirbrukshall.
2. Med utgangspunkt i prosessplanen å gå vidare med lokalisering av fleirbrukshall i følgende prioriteringsrekkefølge:
 1. Bjørkheim
 2. Lauskar
3. Rådmannen får løyve til å setje i gang forhandlingar om grunnverv for dei aktuelle lokaliseringalternativa (pkt. 2). Kjøpsavtale skal endeleg godkjennast av kommunestyret.

Dokument som er vedlagt:

Samnanger fleirbrukshall - Prosessplan KS- møte 20.04.2023

Risikoanalyse 30.03.2023

Fleirbrukshall i Samnanger kommune - prosjektplan d. 11.02.22

2302_Samnanger tomtestudier_small

Oppsummering:

Kommunestyret vedtok 09.03.23 (saknr. 028/2023) at det skulle gjerast nye vurderingar knytt til plassering av fleirbrukshall. I samband med vurdering av plassering skulle det også gjerast vurderingar knytt til kombinasjonsløyisingar, måloppnåing/samfunnseffekt, risiko med realisering og forventa investeringskostnader. Avslutningsvis skulle det presenterast anbefalt løyising for

kommunestyret 20.04.23.

Styringsgruppa har saman med prosjektleiar (ABO Plan & Arkitektur) utarbeidd *Samnanger fleirbrukshall - prosessplan* (vedlegg) som svarer ut bestillinga frå kommunestyret. Rådmannen rår til at anbefalt lokaliseringssløysing å arbeide vidare med vert (i prioritert rekkefølge) Bjørkheim og Lauskar. Øvrige alternativ vert ikkje tilrådd å arbeide vidare med.

Saksopplysningar:

Det vart i kommunestyret 24.02.22 (saknr. 005/2022) gjort vedtak om å byggje fleirbrukshall og at denne skulle plasserast på Lauskar. Kommunestyret vedtok 15.09.22 (saknr. 056/2022) alternativ plassering for hallen å vere Haukanesmarka. Grunnlag for alternativ plassering var forankra i prosjektplan som vart vedteken i kommunestyret 24.02.22.

Hausten 2022 vart fleirbrukshallprosjektet tatt med i Vestland fylkeskommune sitt program *nyskapande aktivitetsanlegg*. Presentasjon vart halde for kommunestyret 08.12.22 av Vestland fylkeskommune. Å komme inn i prosjektet gav ny innsikt og forståing for korleis sikre at Samnanger kommune kan få eit best mogleg sluttresultat. Vestland fylkeskommune bidreg med rådgjeving, diskusjonar og arkitektressurs.

Som del av prosjektet *nyskapande aktivitetsanlegg* vil kommunen få moglegheit til ytterlegare detaljering av romprogram og funksjonar. Med slik deltaking vil kommunen få eit god grunnlag for å kunne ta meir konkrete val knytt til innhaldet i fleirbrukshallen.

Kommunestyret vedtok 09.02.23 (saknr. 028/2023) følgjande:

Det skal i tillegg til vurdering av fleirbrukshall på Lauskar, også sjåast på tomtealternativa Grunnvågen på Bjørkheim, «Reistadpøyla» ved Grendahuset og Haukanesmarka på nordsida av fv. 136.

Det skal vurderast kombinasjonsløyisingar der ein også kan nytte Grendahuset til aktivitetar. Det skal sjåast på moglegheit med å bygge nøktern idrettshall i Hagabotnane i kombinasjon med fleirbrukshall/aktivitetshall i Bjørkheimsområdet.

Det skal vurderast eventuell gevinst med å inkludere ny brannstasjon som del av løysing for fleirbrukshall ved tomtealternativa Lauskar og «Reistadpøyla». Dette kjem i tillegg til vurdering av brannstasjon andre stader som pågår i eige prosjekt.

Alternativa skal vurderast etter måloppnåing/samfunnseffekt, risiko med realisering, forventa investeringskostnader (dvs. der tilskot og mva. er trekt frå), framdriftsplan og driftskostnader.

Vurdering av dei ulike alternativa, inkl. anbefalt, løysing skal presenterast i kommunestyremøtet 20.04.2023.

Vedlagte prosessplan greier ut og synleggjer følgjande:

- Prosessmål
- Mål for etablering av fleirbrukshall i Samnanger
- Generelt om krav for tildeling av spelemidlar og tilskotsordningar
- Generelt om halltype og dimensjonering
- Lokaliseringsvurdering
- Omtale og vurderingsalternativ
- Samanstilling og oppsummering
- Risikovurdering samanstillt
- Anbefalt løysing

Prosessmål

Samnanger fleirbrukshall - prosessplan (vedlegg) har som føremål å gje kommunestyret eit grundig vedtaksgrunnlag for val av lokalitet. Om anbefalt lokasjon (pri 1 eller 2) vert valt å gå vidare med, så forutset det at kommunen initierer og ev. gjennomfører ein prosess med omsyn til grunnverv. Dersom lokalisering vert Bjørkheim, Lauskar eller Reistadpøyla, skal områdeplan for Bjørkheim sikre arealbruk for føremålet. Prosjekt *nyskapande aktivitetsanlegg* skal nytte valt lokalitet for vidare utforming av fleirbrukshall.

Vurderingar og konsekvensar:

Lokalitetsvurdering og samfunns mål

Plassering av fleirbrukshall vil vere eit viktig val for vidare utvikling av Samnanger kommune. Skal fleirbrukshallen få ein positiv samfunns effekt er det viktig at lokalisering og tilgjenge vert prioritert høgt. Enkel tilkomst for brukarar i alle aldrar vil kunne medverke til stor aktivitet i fleirbrukshallen. I vedtekte prosjektmål skal fleirbrukshallen fungere som eit sentrum for sosiale aktivitetar. Vidareutvikling av eksisterande sentrumsområde på Bjørkheim vil støtte opp om dette målet og samtidig kunne medføre ringverknader og vidareutvikling av Bjørkheim som sentrum.

Kommunestyret fatta følgande vedtak 15.09.22 (saknr. 057/2022):

Samnanger kommune rår Vestland fylkeskommune til å satse på Bjørkheim som framtidig regionsenter. Samnanger kommune vil ta initiativ til eit tett og konstruktivt samarbeid med Vestland fylkeskommune i prosessen med utvikling av ny områdeplan for Bjørkheimsområdet.

Å plassere fleirbrukshallen på Bjørkheim (alt. Lauskar) vil bidra til ei sentrumsutvikling som vil vere i tråd med intensjonane i vedtaket. Fleirbrukshallen er tenkt å kunne aktivisere barn, unge, vaksne og eldre. Det vil difor vere føremålstenleg å plassere hallen sentralt slik at flest mogleg kan komme til, men også kunne nytte tilboda saman med noverande og framtidige tilbod på Bjørkheim. Ein kan sjå føre seg ei bustadutvikling som også senterer seg kring Bjørkheim – fordi det er her dei fleste servicetilboda ligg og i framtida vil ligge (jf. vedtaket over).

Fleirbrukshallen skal vere ein god møteplass som skal fremje god folkehelse og eit godt nærmiljø. Tilbodet skal vere lågterskel for fysisk aktivitet – for innbyggjarar i alle aldrar. Fleirbrukshallen skal difor også fange opp dei som ikkje finn sin plass i den organiserte idretten. Vestland fylkeskommune viser til at berre halvparten av 15-åringane er aktive nok. I tillegg veit me at det vil vere ein stor samfunns vinst å ivareta den eldre delen av innbyggjarane si fysiske og psykiske helse – dette vil også gjelde for den einskilde innbyggjar.

I eit samfunnsutviklingsperspektiv kor det er ynskjeleg at Samnanger kommune skal vere ein attraktiv kommune å både bu og busetje seg i, vil ein fleirbrukshall plassert på Bjørkheim vere eit sentralt bidrag. Slik byggjer ein opp under Bjørkheim som sentrumsfunksjon i Samnanger kommune.

Økonomi

Skisserte kostnader i prosessplanen er på eit overordna nivå og inkluderer ein del opsjonsareal. Det må i vidare detaljering sjåast nærare på romprogram og gjennomførast nye kalkylar når prosjektet er meir detaljert. Kommunen har fleire moglege stoppunkt i den vidare prosessen når meir inngående kostnadskalkylar ligg føre.

I vedlagte grunnlag for saka *Samnanger fleirbrukshall – prosessplan* ligg det føre estimerte lånebehov. Under 7.3.3 *Lånekalkulator – samanstillt* er det sett opp årlege finanskostnadar som då er estimert etter ei rente på 4 %. Finanskostnaden er kalkulert utifrå total investeringskostnad for dei ulike prosjektløkasjonane. Investeringskostnadane, inkludert usikkerheitsavsetjing, er kalkylar som på seinare tidspunkt kan endre seg når prosjektet vert meir detaljert. Dette vil igjen kunne justere

årlege finanskostnadar.

Risikovurdering

For valt lokalitet må det vurderast risikoreducerande tiltak som påpeikt i gjennomført risikovurdering.

Framdrift

For vidare arbeid med områdeplan for Bjørkheim er det viktig at ein får avklart lokalisering av fleirbrukshall da dette er eit viktig premiss for arealbruk i områdeplanen.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Samnanger kommune vedtek og legg til grunn *Samnanger fleirbrukshall - prosessplan* d. 20.04.23 for vidare arbeid med lokalisering og bygging av fleirbrukshall. Kommunestyret bør gå vidare med Bjørkheim og Lauskar (prioritert rekkefølge) som alternative lokaliseringar, og rådmannen får løyve til å initiere og setje i gang forhandlingar med aktuelle grunneigarar om grunnerverv. Ein eventuell kjøpsavtale skal endeleg godkjennast av kommunestyret.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	Løpenr: 23/3356
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.04.2023	1

Interpellasjon frå Krf

Dokument som er vedlagt:

Interpellasjon frå Krf

Kopi til:

Knut Harald Frøland



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	Løpenr: 23/3357
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.04.2023	2

Interpellasjon Trafikktryggleik

Dokument som er vedlagt:
Interpellasjon Trafikktryggleik

Kopi til:
Linda Haug Kollbotn